

## Føresegner for bruk av vassmålarar



## 1. Anskaffing, installasjon og gebyr for leige av vassmålår

- 1.1 Målaren er kommunen sin eigedom og sjølve målaren kostar kommunen. Kommunen bestemmer type, plassering og storleik på målaren utifrå forbruk. Abonnten betalar eit årleg gebyr for leige av målaren, som inkluderer anskaffing av målar, utskifting og administrasjon. Gebyret fastsetast av kommunen og går fram av prislista som vert vedteke kvart år av kommunestyret.
- 1.2 Abonnten må sjølv koste installasjon av vassmålår og eventuell flytting av målaren. Installasjon av målar skal utførast ein godkjent røyrleggjar i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande reglement. Etter montasje skal vassmålaren plomberast. Monteringsskjema for vassmålaren som følgjer med målaren, skal leverast i utfylt stand til kommunen straks etter montering. Dersom abonnten sjølv har skaffa målar, kan denne kontrollerast av kommunen etter installering.

## 2. Krav til målar

- 2.1 Vassmålaren må vere samsvarsvurdert for sal, jf. *Forskrift om målenheter og måling*.
- 2.2 Vassmålarene skal tilfredsstillte tekniske krav gitt i *Forskrift om krav til vannmålere*.
- 2.3 For einebustader og fritidsbustader skal det nyttast 1/2 " eller 3/4" vassmålårar. For andre typar bygg avtalast dette med kommunen.

## 3. Plassering av målar

- 3.1 Vassmålår skal plasserast så nær inntaket som mogleg, og før fyrste koplingsleidning. Det skal vere sluk i rom med vassmålår. Det skal monterast tilbakeslagsventil i samband med vassmålårinstallasjonen.
- 3.2 Vassmålår skal monterast i konsoll. Konsollen skal vere av type med fleksible koplingar med stengeventilar før og etter målaren. 1/2" målar kan monterast i koplingskap.
- 3.3 Reduksjonsventilar skal vere montert før vassmålårinstallasjonen.
- 3.4 Vassmålaren skal plasserast slik at den er lett tilgjengeleg både for avlesing og revisjon/utskifting.
- 3.5 Vassmålår skal plasserast frostsikkert. For målarar leigd av kommunen medfører frostskade på målaren erstatningsplikt jamfør punkt 7.2.



## 4. Avlesing

- 4.1 Vassmålaren skal lesast av ein gong kvart år. Abonntenen føretekk avlesing og innmelding innan fastsett frist.
- 4.2 Dersom avlesing av vassmålar ikkje vert utført til bestemt tid, eller dersom data ikkje vert meldt inn til kommunen vert årsforbruket stipulert. Kommunen kan eventuelt sjølv velje å foreta avlesing av forbruket.

## 5. Kontroll og vedlikehald

- 5.1 Kommunen skal ha tilgang til vassmålaren for inspeksjon og kontrollavlesing til varsla dato og tid.
- 5.2 Kommunen kan til ein kvar tid, eventuelt etter skriftleg søknad frå leigaren, foreta kontroll av vassmålar som er i bruk. Syner kontrollen ein feilavlesing på meir enn 4 %, vert det justering av årsgebyret for eit – 1 år tilbake etter at søknad er motteke. For målarar leigd av kommunen skjer eventuell utskifting av målaren utan kostnad for abonntenen. For private målarar må abonntenen sjølv koste ny målar. Dersom abonntenen ynskjer kontroll av målaren utan at det er feil på målaren, betalast kontrollen av abonntenen.
- 5.3 Kommunen kan krevje at målarar som ikkje tilfredstillar krava til målarane i punkt 2 skal skiftast ut. Målarar som vert skada eller fjerna skal erstattast.
- 5.4 Dersom det ikkje let seg gjere og berekne feilmålte mengder tilstrekkeleg nøyaktig, utan at dette medfører store kostnader, justerast gebyret for den perioden det er tvil om etter gjennomsnittet av nærmaste avlesingsperiode før feilen vart påvist, og/eller etter at den er utbeta.
- 5.5 Vassmålarar som er montert i fritidsbustader eller einebustader skal skiftast eller justerast i samsvar med kommunen sitt internkontrollsystem for vassmålarar.

## 6. Fleire tilknytingar

- 6.1 Kvar eigedom skal normalt berre ha ein tilknyting. I dei tilfelle ein eigedom har fleire tilknytingar, skal det installerast ein målar for kvar tilknyting. Det betalast gebyr per målar. Eventuelle interne målarar er kommunen uvedkomande.



## 7. Anna

- 7.1 Når vassmålar er montert, kan denne ikkje fjernast utan kommunens samtykke. Ved fråflytting av bustadar kan det søkast om å fjerne målar. Etter godkjent søknad kan rørleggar plombere uttaket og målarar skal returnerast til kommunen. Ved opning av vatnet etter at det har vore stengt, betalast ikkje ny tilkoplingsavgift.
- 7.2 Vert ein målar som er i bruk borte eller skada, skal abonnenten omgåande melde dette til kommunen. Kommunen føreheld seg retten til å krevje full erstatning for tap eller skade. Plomberte målarar kan berre opnast av kommunens personell eller anna godkjent personell. Er ei plombe broten, fastsettast vassforbruket for vedkomande termin til antatt forbruk gonger 4.
- 7.3 For installasjon og bruk av vassmålarar gjeld elles kommunens tekniske føresegner.

